

Retningslinjer for prioritering av søknader om «Tilskudd til tiltak i beiteområder» i Åmli kommune.

Revidert 3.02.2025

1. Føremål

Føremålet med tilskotet er å legge til rette for best mogleg utnytting av beite i utmark, redusere tap av dyr på utmarksbeite og fremme fellestiltak i beiteområda.

2. Rettsleg grunnlag

«Forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder»

Rundskriv 2019/45 – kommentar til regelverk. Forvaltningsansvar og saksbehandling

3. Vilkår for tilskot

Tilskot kan løyvast til:

- Beitelag og andre former for organisert samarbeid der det blir drive næringsmessig beitedrift.
- Tilskot kan tilsvarende løyvast til enkeltføretak som har rett til produksjonstilskot der det grunna naturgitte eller driftsmessige forhold ikkje ligg til rette for samarbeid.

Generelle vilkår:

Dyra må beite minst 5 veker på utmarksbeite og meir enn halvparten av medlemmer i lag eller forening må ha rett til produksjonstilskot.

Føretak som driv næringsmessig beitedrift, men som ikkje har rett til produksjonstilskot, kan ikkje få tilskot med heimel i forskriftas ordinære vilkår.

4. Prioriteringsreglar og saksbehandling

A. Søknader vil bli prioritert slik:

- Søknader frå beitelag før søknader frå enkeltpersonar
- Fellestiltak før enkelttiltak

B. Prioritering av tiltak

- 1: Sanke- og skiljehagar, sperregjerde, ferister og bruer, elektronisk overvakingsutstyr
- 2: Driftevegar og gjetarhytter.

C. Tilskotsutmåling

Forskrift om tilskot til tiltak i beiteområde har følgjande reglar:

- Det kan løyvast maks. 50 % av godkjent kostnadsoverslag til investeringstiltak.
- Ved innkjøp av elektronisk overvakingsutstyr kan det løyvast tilskot med inntil 70% av godkjent kostnadsoverslag. Dette gjeld for inntil 50% av dyretallet i beitelaget/ besetningen
- For planleggings- og tilretteleggingsprosjekt kan det løyvast tilskot med inntil 70% av godkjent kostnadsoverslag
- For gjetarhytter er det i rundskriv 2019/45 følgjande regel:

Kostnadsoverslag for gjetarhytter kan omfatte hytter inntil 20 m² med kvadratmeterpris som tilsvarar gjennomsnittlig kostnad for hytter av enkel standard i det aktuelle området.

D. Søknad og søknadsfrist:

Søknadsfrist: 1. mars

Elektronisk søknadsskjema ligg på Landbruksdirektoratet si nettside og i Altinn.

For søkarar som ikkje søker elektronisk, ligg skjema i pdf-versjon tilgjengeleg på Landbruksdirektoratet si nettside.

Søknad skal innehalde kostnadsoverslag og finansieringsplan og ein plan for tiltaket.

Søknad skal sendast til den kommunen der tiltaket skal gjennomførast eller den kommunen som er mest berørt av tiltaket viss tiltaket omfattar fleire kommunar.

E. Berekning av kostnadsgrunnlag

For berekning av kostnadsgrunnlaget tar kommunen utgangspunkt i rettleiande prisar knytt til tilskotsutmåling for SMIL – tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Eigeninnsats/eigenkapital skal gå fram av søknaden.

Søkar skal oppgje beløp eks.mva dersom det er frådragsberettiga. Øvrige verksemdar kan oppgje beløp inkl. mva.